

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 05.03.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: FOU-plan

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 06/20

STYREMØTE: 12.03.2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek fagplan for forskning, utvikling og innovasjon til orientering.

Oppsummering

Fagplan for forskning, utvikling og innovasjon skal vere bindeledd mellom strategi og aksjonsplanar og eit grunnlag for årleg budsjettering/langtidsbudsjett på linje med andre fagplanar.

Planen skal hjelpe SAV med å strukturere, skape retning og auka aktivitet i arbeidet med forskning, utvikling og innovasjon.

Tiltak innan området «samarbeid, struktur og kompetanseheving» skal sikre at FoU-arbeidet løftast. Tematiske satsingar innan forskning vil vere «legemiddelbruk» og «produksjon». For utvikling og innovasjon vil fokus vere på «digitalisering og tenesteinnovasjon».

Fakta

SAV har overordna målsetting om at føretaket skal *bidra til forskning, utvikling og innovasjon på legemiddelområdet og ta i bruk ny teknologi*¹. Og vidare at *forskning i Sjukehusapoteka Vest skal byggje på kompetansen og føresetnadane i heile regionen, samarbeide med- og nytte universitets- og høgskulesektoren, sjukehusa og andre relevante aktørar. Forskings- og utviklingsarbeidet skal bidra til å realisere satsingane og tiltaka i strategien for Sjukehusapoteka Vest og understøtte tenesteinnovasjon. Sjukehusapoteka Vest skal utvikle og understøtte forskings- og utviklingsprosjekt som støtter opp om kvalitet på legemiddelområdet*¹.

Arbeid med fagplanar er forankra i vedtak i styremøte 22.03.18 og i SAV strategi 2018-23. Fagplanar for kvart verksemdsområde vart godkjent i 2018. Fagplan for forskning, utvikling og innovasjon går på tvers av alle dei fire verksemdsområda og skal støtte opp om FoU-arbeidet i alle avdelingar. Planen skal rullerast kvart år og det er såleis rom for justeringar ved behov.

Planen peiker på at det er naudsynt å bygge opp gode strukturar og samarbeidsrelasjonar for FoU-arbeid framover for å sikre auka aktivitet, tilrettelegging og god kvalitet på arbeidet. For området «Forskning» er det sett opp tiltak for området «samarbeid, struktur og kompetanse».

Styringsdokumentet legg føring for bidrag frå SAV med forskning innanfor området «legemiddelbruk.» Dette er ei av to tematiske satsingar for forskingsprosjekt dei komande åra. Her er aktuelle underkategoriar klinisk farmasi og rådgjeving, lukka legemiddelsløyfe, eindose og antibiotikabruk.

Produksjon er og prioritert som satsingsområde. Det er behov for auka kompetanse og kunnskap innan persontilpassa medisin, utvikling av nye produksjonsmetodar og i tillegg utvida tilverkarløyve for klinisk legemiddelutprøving.

For områda «*utvikling og innovasjon*» er «Digitalisering og tenesteinnovasjon» prioritert som hovudtema. Satsingsområdet tar utgangspunkt i behov som er identifisert i fagplanar for kvart verksemdsområde, styringsdokument og områder av stor verdi for realisering av pasienten si helseteneste.

¹ Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018-2023

Fagplan for forskning, utvikling og innovasjon har vore under utarbeiding sidan april 2019. Arbeidsgruppa har bestått av sjukehusapotekarane Roy Rangjord og Tonje Folkvang, seniorrådgjevar Øystein Torgauten og FoU-koordinator/fagsjef AFT Jannicke Slettli Wathne med støtte frå fagdirektør Christer Bakke Frantzen.

Planen har vore til høyring i perioden 27.01. til 08.02.2020 i fagavdelinga, faggruppene for kvart verksemdsområde og hos medarbeidarar som er, eller har vore involvert i forskning, forbetnings- eller innovasjonsprosjekt. Planen vart behandla i leiargruppa 12.02.2020 og samhandlingsmøtet 20.02.2020.

Kommentarar

Dei viktigaste føringane som ligg til grunn for fagplanen er SAV strategi 2018-23, Forskings- og innovasjonsstrategi Helse Vest, fagplanar for verksemdsområda i SAV, Plan for kvalitet og pasienttryggleik i Helse Vest og Teknologiplan Helse Vest.

Konklusjon

Fagplanen skildrar operasjonalisering av SAV Strategi 2018-2023 innan områda forskning, utvikling og innovasjon og skal bidra til forbetring, struktur og retning for dette arbeidet.

Vedlegg:

Vedlegg: Fagplan for forskning, utvikling og innovasjon